

Referat frå møte i styringsgruppa for kommunereform 14. desember 2015

Tid: Måndag 14. desember 2015 kl. 14:00

Stad: Kantina, Sentrumsbygget

Til stades: Hans Petter Thorbjørnsen (ordfører, A), Jens Olav Holven (varaordfører, SP), Håkon Gjerde (V), Stig Yngve Røkenes (H), Hanne Li (SV) og rådmann Joakim S.T. Øren (referent).

Innleiing

Ordførarar informerte innleiingsvis om status i arbeidet med å forhandle fram ein intensjonsavtale for alternativet Eidfjord kommune, Granvin herad og Ulvik herad. Det vart informert om at ordførarar og rådmenn i dei tre kommunane har avtalt eit nytt møte 17. desember 2015 for å arbeide vidare med intensjonsavtalen. Ordførar opplyste at han ynskte å kalle inn til eit nytt møte i styringsgruppa rett etter nyttår for å drøfte saka vidare.

Vidare vart det informert om at dei tre kommunane har sendt brev til Ullensvang herad og kor dei ber om tilbakemelding om kor vidt Ullensvang herad ynskjer å vere med i den vidare prosessen. Ein reknar med å få svar på brevet før neste styringsgruppemøte.

Intensjonsavtale

Ordførar informerte om status på arbeidet med intensjonsavtale mellom Eidfjord kommune, Granvin herad og Ulvik herad. Innhaldet i utkastet vart gjennomgått og nærare presentert. Det var deretter meiningsutveksling og drøfting av innhaldet i utkastet til intensjonsavtale.

Til slutt vart Ulvik herad si tilnærming til dei vidare forhandlingane drøfta.